

Klassejournalistikk, eller: det sjette nyheitskriteriet¹

Jan Fredrik Hovden


Munnhellet om at journalistikken er eit ope yrke er sentralt i journalistikkens *paternoster*, men det er ei lita sanning som skjuler ei stor lygn. Det er sant på to måtar: Journalistikk er ikkje eit yrke med formelle krav til utdanning, og i høve dei fleste andre norske elitar rekrutterer journalistikken sosialt sett nokså breitt. Dei som vaks opp på 1960- og 70-talet hadde til dømes seks gongar større sjanse for å verte lege om eins far var lektor på gymnaset enn ein ufaglært industriarbeidar, og førtifire gongar større sjanse om faren var lege. Til samanlikning var sjansen for å verte journalist tre gongar større for borna av ein gymnaslektor enn born av same arbeidar, og 11 gongar større om faren var journalist².

Som dømet viser, må ein likevel ikkje forveksle ei slik *formell og relativ* openheit med *faktisk* openheit: Journalistyrket går til ein viss grad i arv frå foreldre til born, og at sjansen for å verte journalist aukar tydeleg når ein går oppover i dei sosiale laga. Born av foreldre med typiske lågstatusyrke er nesten fråverande i yrket³. Dei same mekanismane finn ein, berre endå tydligare, i rekrutteringa til dei største statlege journalistutdanningane. Desse, som tradisjonelt har vore snarvegar inn til dei mest prestisjefulle journalistredaksjonane⁴, har lenge hatt nokon av dei høgste karakterkrava i landet⁵, noko som har bidrege til at ein overrepresentasjon av dei sosialt mest privilegerte studentane⁶ (dette vert forsterka gjennom den statlege styringa av opptaket, som krev at minst 50% av plassane skal gjevast til studentar under 22 år basert på karakterane frå vidaregåande skule⁷). I denne samanhengen må vi heller ikkje gløyme at om ein i dag blant dei yngste journalistane har ein viss kjønnsbalanse, har yrket historisk sett vore nokså lukka for kvinner - så seint som 1980 var 80% av NJ sine medlemmer menn.

Endå viktigare er likevel å minne om at *sosial ulikskap ikkje stoppar på dørstokken til yrket*. Hovudregelen er tvert i mot slik at di høgare status ein redaksjon har blant journalistar - t.d. målt ved kven som mottek dei gjevaste journalistprisane, eller vert nemnde som førebilete av andre journalistar - di meir privilegert sosial bakgrunn har journalistane som arbeidar der. Om vi held oss til same dømet som nemnd innleiingsvis, mellom det å ha ein far som er lærar kontra ein ufaglært industriarbeidar, hadde ein journalist med far av fyrstnemnde type i 2005 dobbelt så stor sjanse for å arbeide i ei større regionalavis, ni gongar større sjanse for å arbeide i NRK Marienlyst og seks gongar større sjanse for å vere redaktør i storbypressa⁸ enn sistnemnde. Denne *parallellen mellom journalistisk status og sosial klasse* - som er ein systematikk som ikkje må forvekslast med ei lov - er ikkje avgrensa til skilje mellom publikasjonar og det å vere redaktør eller ikkje. Vi finn liknande samanhengar òg knytt til ulike stoffområde (journalistar som arbeider med sport og livsstilsstoff rekrutterer td. vanlegvis sosialt lågare enn dei som arbeider med politisk stoff), og ser og at journalistar som ivaretek meir tekniske funksjonar - avisdesign, video- og lydredigering o.l. - oftare har arbeidarklassebakgrunn enn dei "vanlege" journalistane.

Det er slik kanskje breitt i dørøpninga til yrket, men vanskelegare å kome inn i journalistikkens øvre salongar. Nokre av desse samanhengane er antyda i figur 1.

Figur 1. Det norske journalistiske feltet, 2005. Multippel korrespondanseanalyse, akse 1 og 2. Individ, NJ- og NR-organiserte 2005⁹.



Journalistikkens *klassekarakter* (om vi her nyttar omgrepet som ei laus nemning på samanhengen mellom journalistikken og dei sosiale strukturane i samfunnet) viser seg òg ved at publikasjonane og stofftypane som rekrutterer sosialt lågast og har lågast journalistisk prestisje typisk vert konsumert av lesarar frå lågare sosiale lag, yngre og kvinner (som kommersiell radio og vekeblad, samlivsstoff, dataspel osv.), og omvendt¹⁰. Ein liknande logikk gjeld intervjuobjekta: nyheiter som involverer intervju med elitar (økonomiske, politiske, kulturelle osv.) vil typisk ha høgare journalistisk status enn intervju med reine celebritetar og “vanlige menneske”. Så er sjølv sagt spørsmålet: kva betyr dette for journalistikken?

Overordna sett framstår det for det fyrste openbert at sistnemnde *sosiale differensieringa av dei journalistiske produkta* og den *sosiale harmonien* mellom journalist, kjelde og lesar er ei kraftfull oppskrift på det det Pierre Bourdieu kallar *doxa*: ei slags blindheit gjennom felles verdiar og verdsbilete, som uavhengig av dei involverte sine ynskjer bidreg til å gjere journalistikk til ei konservativ kraft i samfunnet (til dette kan ein tilføre Bourdieu sin velkjende kritikk om at journalistar grunna hastverkskrav oftast må utøve ein type *spontan sosiologi* og difor ofte reproducerer sosiale stereotypar og “folk theories”¹¹).

Å snakke om ein *direkte* samheng mellom journalistarar sosiale bakgrunn og deira yrkesutøving er likevel meir kontroversielt, og ikkje berre av dette lett kan gje assosiasjonar til dei mest vulgære variantane av marxistisk kritikk (ironisk nok no vanlegast framført av politisk høgside), om at journalistane “berre” er talerøyr for politisk venstreside eller har eit middelklasseperspektiv - i begge høve ein kritikk som oftast er blind for den store variasjonen og sosiale arbeidsdelinga i dette sosiale universet. Like viktig er sjølv sagt at drøfting av samheng mellom klasse og journalistikk trugar journalistikkens autoritet ved å stille spørsmål ved kjernen i den profesjonelle ideologien (som ikkje er unik for journalistikken, noko journalistforskarar ofte verkar tru), som set opp ei jarndør mellom eins private og profesjonelle liv, mellom det verdslege og det heilage som ikkje skal blandast (etymologien minner oss om dette tilhøvet ved at det gammalengelske “to be professed” jo betyr å verte teke

opp i ein religiøs orden, der ordet *profess* i latin viser den offentlege vedkjenninga som typisk var vanleg ved slike seremoniar).

I Noreg verkar det dei siste åra ha vorte noko større aksept for å snakke om slike samanhengar i journalistikken når det gjeld kjønn og kulturbakgrunn (men då alltid i positivt forteikn, som ein ressurs). Også alder og “brei livserfaring” er for dei fleste eldre journalistar noko som ventast ha ein innverknad på eins journalistiske yrkesgjerning, men klasse? *Noch nicht*.

Det er ikkje så rart at det er slik: Dels har det med at i motsetnad til kjønn, alder og hudfarge, er klasse noko som berre vert uttrykt i vage og alltid usikre kjennemerke - i form av sosiolekt eller dialekt, gjennom klede og kulturelle referansar, i yrkes- og utdanningsbakgrunn osb. Samstundes er det slik at dei sosiale mekanismene eg har forsøkt antyde - at journalistar med ulike sosiale utgangspunkt vanlegvis arbeidar i ulike publikasjonar og med ulike tema - nettopp fordi dei er effektive bidreg til å skjule effekten av sosial klasse: som resultat av denne *sosiale sorteringa av journalistar* framstår klasseskilja for journalistane sjølve alltid i *forkledning*: som trekk ved ulike redaksjonar eller publikasjonar. Skilja kan slik lesast, i tråd med den profesjonelle ideologien, som eit uttrykk for ulike “journalistiske kulturar” eller “redaksjonelle linjer”, eller rett og slett eit skilje mellom meir og mindre “profesjonelle” journalistar. Men om det er sant, som det så ofte vert sagt, at redaksjonelle kulturar “sit i veggane”, er ein viktig årsak til dette at dei også sit i kroppen (i det Pierre Bourdieu kalla *habitus*, eins mentale skjema for tenking og handling).

Har vi då nokre empiriske peikepinnar på at sosial bakgrunn påverkar det journalistiske blikket? Og svaret er ja. Ser vi på journaliststudentar, som tilbyr forskaren ei framifrå moglegheit til å studere møtet mellom sosiale disposisjonar og journalistikken, finn vi mange.

For det fyrste finn vi at mannlege og kvinnelege journaliststudentar sine preferansar for ulike tema ofte fylgjer den kjønna arbeidsdelinga i samfunnet elles: kvinnene prioriterer td. i hypotetiske situasjonar oftare saker som involverer svake grupper enn elitar, menn prioriterer saker som omhandlar fotball eller konflikter, kvinner vil oftare arbeide med kultur, menn med sport og økonomi osb. Den tradisjonelle maskuline dominansen innan journalistikken, som systematisk medfører at kvinnelege journaliststudentar finn sine interessefelt, syn på god journalistikk og karriereambisjonar i utakt med feltets statushierarki er utan tvil òg noko av årsaka til at dei oftare enn mennene seier dei er i tvil om at dei passar som journalistar¹².

For sosial klasse ser vi på liknande vis ei rekkje små, men likevel statistisk signifikante samanhengar¹³ med studentars yrkesorientering, og ikkje berre knytt til ulike karriereplanar (som at studentar frå lågare sosiale bakgrunnar oftare vil arbeide i små lokalaviser og i lokalradio). Studentar frå øvre sosiale lag framstår m.a. oftare meine at god journalistikk er resultat av personleg “talent” heller enn handverksmessig dyktigheit (m.a.o ein karismatisk ideologi, som ofte er resultat av å ha lukkast i skulesystemet), og dei er meir tilbøyelege til å sjå publikum som ei fjern, nedanforliggjande masse enn å sjå seg sjølv som ein del av publikum. Dei er òg oftare samde i naudsynet av å ha “ein viss kynisme” når ein som journalist omtalar folk, og ser det sjeldnare som ein viktig eigenskap for journalistar å ha medkjensle med svake grupper (eit skilje mellom ein *rein* kontra ein *barbarisk journalistikk* som er ein slående parallell til Bourdieu sine arbeid om den sosiale basisen for estetiske haldningar¹⁴). Mest grunnleggjande er kanskje likevel skiljet mellom synet på om journalisten skal vere *deltakar eller tilskodar*, der studentane med dei minst privilegerte bakgrunnane oftare ser journalistens rolle å vere ein objektiv og nøytral observatør¹⁵, i motsetning til ein ide om journalisten som ein aktiv, uavhengig endringsagent i samfunnet, ein journalistisk *l'art pour l'art*.

No kan ein mot dette innvende at journaliststudentar og journalistar er heilt ulike ting, og at det vi her har avdekt primært er ein type uprofesjonalitet - journalistiske barnesjukdomar om ein vil - som ein må vente vert “plukka av dei” når studentane får meir yrkeserfaring og ei betre forståing av si yrkesrolle. Ein slik motkritikk framstår spontant som rimeleg, men har problem med å forklare kvifor analyser av vanlege journalistar viser mange

av dei same samanhengane mellom sosial bakgrunn og journalistikk (som skiljet mellom synet på journalisten som deltakar kontra tilskodar⁶). Ein slik kritikk rimar òg dårleg med forskning som har fylgt journaliststudentar frå studiestart til studieslutt og til dei fyrste åra i yrkeslivet, som viser ei overraskande utvikling: ser ein vekk frå deira auka handverksmessige kompetanse, endrar studentane sine grunnleggjande haldningar til journalistikken seg svært lite (med unntak av ei viss tilpassing til bransjens normer og arbeidsmarknad⁷). Nettopp denne *tregleiken* i dei journalistiske haldningane i møte med utdanning og yrkesliv er eit sterkt argument for at journalistane sin *habitus* (eg føretrakk dette omgrepet av Bourdieu framfor sosial klasse av di det er ei påminning om at sosiale skilje også inkluderer kjønn og generasjon, eins sosiale bane, kulturbakgrunn mm.) er sentral for å forstå journalistisk praksis. Som nemd vil det òg vere naivt å tru at habitus berre har effekt som ein sorterande mekanisme, som bidreg til kven som ser seg kalla til journalistyrket og i den påfølgjande sosiale fordelinga av ungdomar med ulike sosiale utgangspunkt til ulike typar publikasjonar og og tema - for deretter å stoppe ved døra til redaksjonen. Tvert i mot tyder alt på at habitus også er ein sentral del av det journalistiske blikket - i prioritering av saker, i val av vinkling og ramme, i val av intervjuobjekt mm. Samstundes som vi ikkje må gløyme at journalistikken ofte har eit kollektivt preg, og at journalistar har svært ulik makt til å realisere sin habitus journalistisk.

I dei tradisjonelle nyheitskriteriene som journaliststudentar lærer, skal hendingar dekkjast avdi dei *i seg sjølve* er aktuelle, vesentlege, sensasjonelle og så vidare. Fleire har kritisert desse kriteriene som ufullstendige, og foreslått supplerande kriterier som hendinganes forutsigbarheit⁸, relativ posisjonering i nyheitsbiletet⁹ og dei økonomiske vilkåra til publikasjonane²⁰. Ein kan meir ålment innvende at dei tradisjonelle kriteria fyller ein *ideologisk* funksjon for journalistikken: dei gjer journalistane usynlege og produktet til røynd. Dei dreg blikket vårt vekk frå journalistikken som ein *sosial praksis*, til fordel for ei pseudovitskapleg forestilling om at nyheitsutveljing og nyheitsprioritering kan utøvast tilnærma likt av alle, gjeve eit sett med relativt enkle reglar²¹ og der skjønnsvurderingane i hovudsak vil vere felles (dei er, som det vert sagt, “profesjonelle”). Til ei slik framstilling, som frå eit sosiologisk synspunkt vanskeleg kan kallast noko anna enn utilgjeveleg naivt, vil ein god start vere å leggje til to meir grunnleggjande, *sosiale nyheitskriterier*: For det fyrste, som har vore omhandla i denne teksten, den enkelte journalistens unike sosiale forhistorie nedfelt i deira *habitus*, som gjev eit blikk for nyheiter som den profesjonelle opplæringa aldri kan erstatte, berre supplere. For det andre, journalistens posisjon i journalistikkens særskilde sosiale kosmos - det *journalistiske feltet*, som med sitt hierarki av journalistisk status og ressursar i ulik grad gjev forventningar og moglegheiter for ulike typar journalistisk arbeid og framstilling (som og inkluderer i kva grad ulike typar tekstproduksjon reknast som journalistikk eller ikkje), ein struktur som eg har drøfta i større detalj andre stadar²².

¹ Teksten er ein lett endra versjon av ein tekst som vart publisert på nettsidene til Manifest 23. april 2013.

² *Profane and Sacred*, Jan Fredrik Hovden, 2008, s. 74-77. [<http://hdl.handle.net/1956/2724>]

³ Ibid.

⁴ *Profane and Sacred*, Jan Fredrik Hovden, 2008, s. 85.

⁵ <http://www.aftenposten.no/job/Her-er-det-vanskeligst-a-komme-inn-6946195.html>

⁶ *Profane and Sacred*, Jan Fredrik Hovden, 2008, s. 84-89.

⁷ <http://www.hioa.no/Studier/Soknad-og-opptak/Slik-soeker-du-opptak/Kvoter>

⁸ *Profane and Sacred*, Jan Fredrik Hovden, 2008, s. 75.

⁹ "A Journalistic Cosmology. A Sketch of Some Social and Mental Structures of the Norwegian Journalistic Field", Jan Fredrik Hovden, 2012. *Nordicom Review* vol 33/2 [http://www.nordicom.gu.se/common/publ_pdf/366_hovden.pdf]. Merk at "sosial kapital" i denne figuren syner til foreldra sine samla ressurar (økonomisk, kulturell, politisk kapital), og at skiljet mellom lågare og høgare "sosial kapital" slik viser til om journalisten typisk rekrutterer frå lågare kontra høgare sosiale lag.

¹⁰ *Profane and Sacred*, Jan Fredrik Hovden, 2008, s. 66-71.

¹¹ *Om fjernsynet*, Pierre Bourdieu, 1998.

¹² *Profane and Sacred*, Jan Fredrik Hovden, 2008, s. 90-101.

¹³ *Ibid.*

¹⁴ *Distinction*, Pierre Bourdieu, 1979.

¹⁵ "Without, the somber Real, Within, our hearts of hearts, the beautiful Ideal", Jan Fredrik Hovden, 2010. [<http://janfredrikhovden.files.wordpress.com/2010/10/hovden2010-without-the-somber-real.pdf>]

¹⁶ "Oppdragarar, granskarar, speglarar og agnostikarar. Skisse til ein norsk journalisttypologi", Jan Fredrik Hovden 2010. I Allern og Roppen (red.) *Det journalistiske samfunnsoppdraget*. [<http://hdl.handle.net/1956/6230>].

¹⁷ "Fra valp til vaktbikkje", Gunn Bjørnsen, Jan Fredrik Hovden og Rune Ottosen, 2007. *Nordicom Information* vol 29, nr 4. [http://www.nordicom.gu.se/eng.php?portal=publ&main=info_publ2.php&ex=256&me=7]

¹⁸ "The Structure of Foreign News", Johan Galtung og Mari Holmboe Ruge, 1965, *Journal of Peace Research*, vol. 2, side 64-91.

¹⁹ *Bag om nyhetskriteriene*, Ida Schultz, 2005, s. 197.

²⁰ *Nyhetsverdier*, Sigurd Allern, 2001.

²¹ For ein sosiologisk kritikk av regel-basert handling, sjå Pierre Bourdieus drøfting i *The Logic of Practice* (1990) som tek utgangspunkt i Wittgensteins filosofiske kritikk i *Philosophical Investigations*.

²² *Profane and Sacred*, Jan Fredrik Hovden, 2008.